

Sletta, desember 2017

## Til FAU v/Austebygd skule og barnehage

### Avtalt arbeidsfordeling for FAU i samband med juleavslutninga på Samfunnshuset - onsdag 20.12.17

*I samband med FAU-møte på skulen, laga FAU saman med rektor eit oppsett over arbeids- og ansvarfordeling for det som skal gjerast før - og under juleavslutninga. Har tatt utgangspunkt i fjorårets arrangement – og følgjer elles tradisjonell arbeidsfordeling.*

Jule-avslutninga begynner kl.18.00.

Både barnehageborna og elevane møter 20 minuttar tidlegare (kl. 17.40) , slik at programmet kan begynna presis.

**Billettprisen vert sett til kr. 50,- pr. person (vaksne).**

Elevane på skulen, barnehageborna, inviterte 5-åringar og personalet **skal ikkje betala.**

Leige av lokalet, kaffi, saft og diverse andre utgifter, må dekkast av billettinntektene. Inngangspengane skal også dekkast til nisseposar, som FAU lagar til "Julegrauten" som skulen og barnehagen har siste skuledagen (torsdag 21.desember)

#### Matorganisering:

Brukar same modell som dei siste åra, **med platekaker.** FAU oppfordrar til litt variasjon i kakene, slik at ikkje alle bakar sjokoladepatekaker.

Me ber om at heimane som skal ha med platekake leverer denne ferdig oppdelt på eit kakefat (stort) – slik at me sparer tid og arbeid for dei på kjøkkenet. (Pass på å merka fatet med namn!)

Heimane på 4.-7.årstrinn vert sett opp på oppryddinga (ikkje kaker her).

Elevane på 6. og 7.årstrinn hjelper til med å henta matfata + kaffi frå kaféen - og ber desse inn på bord som vert plasserte bak i salen. Me legg opp til sjølvbetjening av kaffi og mat. Dette har fungert godt.

## Ansvarsfordeling :

### \* Skulen lagar

- skriv til FAU med oversikt over arbeidfordelinga
- info om juleavslutninga til alle heimane med påmeldingsslipp

**Jannike Steindal Nordanger** - (FAU-leiar skulen) tek seg av følgjande innkjøp:

raude serviettar  
pappkrus m/hank (minimum 350 stk)  
250 pappfat til kakene  
Kaffi ( ca. 18 kaffi- posar)  
2 bx husholdningsfløyte  
2 pk m/ te-posar (à 20 te-posar)  
kaffisukker( m.a. til teen)  
Saft (vert kjøpt på butikken)  
5 nakkebøker (til inngangsbillett)

(OBS! Sjekk gjerne kopi av handlelista frå i fjor hos kasseraren også ....)

**Jannike Steindal Nordanger** - (FAU-leiar skulen) kjøper inn og lagar til nisseposane (til "Julegrauten" torsdag 21/12) Det er behov for **ca 85 posar** (barnehagen + skulen)

1) Hovudansvarleg for å låsa opp på Samf.huset , møter **kl.16.30: Renate Thomassen** (FAU skulen) + **Marit Ystebø** (FAU skulen), er hovudansvarlege på kjøkkenet m/ kaffi-traktinga. Har også ansvar for at det eventuelt vert trakta meir kaffi og fylt på kanner

2) Hovudansvarlege for å dekkja borda m.m, møter **kl.17.00: Kenneth Blomvågnes** (FAU bhg) og **Trine C. Evensen** (FAU skulen)

3) Hovudansvarleg for sal av inngangsbillett (frå nakkebøker), skaffa vekslepengar + setja opp bord for dette og ha klart seinast **kl.17.20 : Marit Ystebø** (FAU skulen)

4) Hovudansvarlege for utdeling av saft : **Veronica Staume** (FAU skulen) og **Ingunn Straume** (FAU bhg)

5) Hovudansvarleg for oppryddinga etter festen: **Jan Ove Brandsæter** (FAU skulen) og **Knut Morten Straume** (vara - FAU skulen)

Helsing frå FAU etter skulen sitt program / før maten.

**Jannike Steindal Nordanger** (FAU-leiar på skulen) tek ansvar for dette.

For å sikra at "nøkkelpersonar" veit kva oppgåver dei skal ha, har FAU- leiarane (skulen og bhg) snakka med dei det gjeld, og alle **har sagt ja til å ta på seg hovudansvaret for dei tiltenkte oppgåvene.**

**OG SLIK VERT OPPSETTET ME SNART SENDER UT TIL ALLE HEIMANE  
saman med invitasjonen til juleavslutninga:**

**MAT:**

**Kvar familie med born i barnehagen + kvar familie med born på 1., 2. og 3. årstrinn (gjeld også dei familieane i barnehagen og på 1., 2. og 3. årstrinn som har born på høgare trinn) - har med seg **oppdelt** platekake på eit stort kakefat. **Fint om det vert både sjokoladekaker, og andre typar platekaker** ☺  
**OBS!** Kun *eitt* fat med kaker pr. familie – og pass på å ha namn under fatet ditt!**

**FAU har i tillegg til sitt eige ansvar, peika ut ein føresett til kvar elev på 4., 5., 6. og 7. årstrinn til oppgåvene under:**

**1) Møter kl.16.30 og traktar kaffi.**

Organiserer også utdelinga/hentinga av kaffi/mat når me skal eta.

**Hovudansvarleg:** *Renate Thomassen (FAU skulen)*

*Marit Ystebø (FAU skulen) + føresett til: Veslemøy Soltveit*

**2) Møter kl.17.00 og er med og traktar kaffi, set lys, serviettar, beger m.m. på borda og tar i mot kakefata når dei vert levert.**

Organiserer også utdelinga/ hentinga av kaffi/mat når me skal eta.

**Hovudansvarlege:** *Kenneth Blomvågnes (FAU bhg)*

*Trine C. Evensen (FAU skulen) + føresett til: Johannes Båtnes*

**NB!** Elevane på 6. og 7. årstrinn ber inn kaffi/mat til bord bak i salen!

**3) Sal av inngangsbilletter (frå nakkebøker), skaffa vekslepengar + setja opp bord for dette (alt klart seinast kl. 17.20)**

**Hovudansvarleg:** *Marit Ystebø (FAU)*

*Aina Kallestad Soltveit (vara FAU skulen) + føresett til: Camilla Grimstad*

**4) Tar seg av utdelinga av saft på borda når me skal eta.**

**Hovudansvarlege:** *Veronica Straume (FAU skulen), Ingunn Straume (FAU bhg) + føresett til Lotte Blommedal Bauge*

**5) Tar seg av opprydding, reingjering og låsing etter festen.**

**Hovudansvarleg:** *Jan Ove Brandsæter (FAU skulen) og Knut Morten Straume (vara FAU skulen)*

**Føresett til:** *Lasse Nathaniel Bendiksen, Jørgen Mellingen, Milena Sikora, Marielle og Elida B. Pedersen, Ole Lucas og Robin Andre Angelskår, Oliwier Zelachowski, Leah Valdernes, Nadia Cuellar, Ragnhild Repål Namtvedt, Rugile Zidonyte, Sivert Dalland, Dominika Bauer, Heidi og Sindre Kolås, Lars Ståløy,*

*Torfinn Heier* ordnar med mikrofonar og lyd.

*Jannike S. Nordanger (FAU-leiar skulen)* ordnar med innkjøpa til juleavslutninga og nisseposar til julegrauten (til siste skuledagen før jul).

*Jannike* har også ansvar for FAU-helsing på juleavslutninga.

**OBS!** *Skulen* sørger sjølv for musikken og spelninga på julefesten dette året!

*Jannike Steindal Nordanger*  
FAU-leiar skulen

*Ingunn Straume*  
FAU-leiar barnehagen

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
rektor